

| Arkiv | Saksbehandlar | Møtedato | Sak nr. |
|-------|---------------|----------|---------|
| 642.0 | Knut Øyjordet | 21.08.20 | 30/20 |

ENDRING AV FISKEREGLANE FOR GJENDE

Saksdokument:

Gjeldande fiskeregler.

Saksutgreiing og vurdering:

På Gjende var det i fjor heilt uvanlege næringsforhold for fisken, som resulterte i innslag av ein del mager fisk i bestanden langt utover sommaren og hausten. Det skuldast truleg mindre produksjon av dyreplankton (små krepsdyr), som er svært viktig næring for Gjendefisken, men også at det var ekstra dårlig sikt i vatnet som truleg gjorde at fisken rett og slett ikkje såg desse mindre planktondyra. Med bruk av 40 mm's garn, så var det ein del fisk som «smatt gjennom», fisk som i normal kondisjon ville ha sett seg fast i garnet. Difor vart det därlege fangstar på garn. På åtter var det noko betre fangster, men kvaliteten på fisken var så som så. Dårlig fiske og fisk på Gjende spurdest fort, og det vart ein nedgang i omfangset av fiske. Stongfiskarane på Gjendeosen bar seg også for kvaliteten på Gjendefisken og storleiken, og ikkje minst at «Gjendeflugu» var fråværande.

Det vart ikkje gjort endringar i fiskereglane før 2020. Men dersom det skulle bli liknande forhold på Gjende nå i sommar, med stort innslag av mager fisk, var det naturleg å førebu innføring av «strakstiltak». Det vart difor retta ein forespørsel til kommunen i vår om løyve til å kunne endre reglane i fiskesesongen. I praksis ville det vera endringar i reglane for bruk av garn, og eventuelle endringar i reglane ville fyrrst skje utpå sommaren når ein visste meir om forholda. Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning fatta følgjande vedtak i sak 34/20 (i møte 17. juni):

Vågå kommune godkjenner at Vågå fjellstyre kan innføre strakstiltak i fiskereglane på Gjende i løpet av fiskesesongen 2020. Vågå kommune ber om å få ein tilstandsrapport ved avslutning av fiskesesong. Dersom situasjon ikkje endrar seg i 2020 må fjellstyre ta initiativ til å få med fagpersonar for ei undersøking om årsakar og tiltak for å få opp att fiskebestand på Gjende.

Mange har nå vore spente på «Gjendefisken», om den ville «ta seg inn att» attpå fjaråret. Vi har vore i kontakt med fleire fiskarar, og vi har nyleg utført eit «forenkla» prøvefiske med garn. I hovudtrekk er situasjonen pr. i dag at det er bra med fisk på Gjende, spesielt er innslaget av småfisk og fisk i «mellomsjiktet» (200-300 gram) større nå enn tidlegare år. Men det er heldigvis mat i fisken, og mange er raud og fine i kjøtet, noko som tyder på at den nå har lettare tilgang på dyreplankton. Likevel er det innslag av magrare fisk, særleg større fisk som tydelegvis ikkje har «tatt seg inn att» attpå fjaråret. Men med dyreplankton som hovuddiett, så vil det ta tid før dei største fiskane i bestanden får «feita seg» opp att. Elles er det synd at ikkje det ikkje er fleire som fiskar. Det er stort sett dei mest trufaste Gjendefiskarane, som ser behovet for at det også må bli tatt ut fisk og meir fisk nå når kvaliteten ikkje er heilt på topp.

Det er ennå att ei god stund av sesongen med garn- og oterfiske på Gjende, dvs. fram til 5. oktober. Derfor kan det vera greitt å ta «eit grep» nå i håp om at det kan bli tatt ut meir fisk, og som ein kompensasjon for nedgang i omfanget av fiske. Fjellstyrelederen er kjent med dei endringane som blir gjort.

Vedtak:

Frå og med 21. august og ut sesongen 2020 blir det gjort følgjande endringar i garn-fiskereglane på Gjende:

- Minste lovlege maskevidde på dei 8 garna på 39 mm eller større blir sett ned til 35 mm eller større.
- Dei 2 garna på 29 mm eller mindre som ein kan nytte i tillegg til dei 8 garna, blir utvida til 5 garn pr. fiskar (altså på 29 mm eller mindre).

Fiskarane blir sterkt oppfordra til å fiske med 29 mm`s garn eller mindre i tillegg til dei 8 garna.

Fjellstyret vil understreke kor viktig det er at det blir fiska på Gjende nå, både med oter og garn. For fiskebestanden på Gjende og i mange andre vatn også der det er stor naturleg rekruttering, er det viktig med eit bra omfang av fiske. Fiskarane blir såleis sterkt oppfordra til å fiske på Gjende nå framover, ikkje berre denne sesongen, men også i åra framover.

Rett utskrift. Går til:

Vågå kommune

Etter fullmakt

Knut Øyjordet
Dagleg leder

| Adresse | Telefon | Bankgiro | E-post |
|--------------------------|-------------|---------------|-----------------------|
| Postboks 16 2684 VÅGÅ | 61 29 37 37 | 2085.25.13625 | vaga@fjellstyrrene.no |